

hode i vårt land og i verden for øvrig, skulle alle være interessert i at større arealer unyttet jord blir trukket inn i produksjonen.

Vi har ca. 30 mill. dekar myr i vårt land. Herav regner vi foreløpig med at 8 – 9 mill. dekar i første omgang, kan utnyttes til rasjonalisering av landbruket ved dyrking eller skogreising. Disse arealer sammen med de mange andre områder som kan utnyttes, byr på muligheter til øket produksjon, mer rasjonelle landbruksenheter og fordringsfullt uttrykt, større frihet og bedre muligheter for vår landbruksbefolkning i fremtiden.

Det må sies at våre myndigheter gjør en stor og berettiget innsats for å fremme en slik utvikling, bl. a. ved å ta del i investeringene gjennom ordningen med dyrkingstilskudd og ved de spesielle finansieringsmuligheter som vi har. Vi rår over nødvendige tekniske hjelpemidler og fag-kunnskaper til planlegging og drift. Og sist, men ikke minst, vår jord-brukerstand er av høy kvalitet – yrkesbevist og kunnskapsrik.

Tilpasning og styrking av vårt landbruk i forhold til utviklingen for øvrig, vil være en distriktsutbygging av vital betydning for landet som helhet. La det derfor til slutt være sagt at våre vidstrakte myrarealer kan bli en meget vesentlig faktor i den strukturtilpasning som vårt landbruk må gjennomgå. Det er en samfunnsutvikling som er så uendelig viktig for oss alle, for vår økonomi, for vår matforsyning og for vår beredskapspolitikk.

LITT OM MYRENES VERD SOM BEITE FOR BUFE OG REIN

Av beitekonsulent Erling Lyftingsmo

I botanikken blir ordet myr brukt både som landskapstype og som sosiologisk klassifikasjonsnemning, t.d. rismyr-grasmyr.

At ei beitestrekning er myrlendt, og at det er myrbeite, vil i vanleg språkbruk seie at vegetasjonen er præga av planter som held seg til våt vekseplass. Det kan vera myr i geologisk tyding, men det kan også vera våt fastmark.

I den gamle bruken av utmarka var myrslått og beite dei viktige ledd. Frå Helgeland t.d. kjenner ein til at fjellgardar som nå ligg øyde, for 70–100 år sidan var av dei som hadde størst buskap. Det var velstands-gardar i si tid. Sams for slike gardar er at dei har stor vidde av slått-myrer og beitemark. Mange hadde så rikeleg at dei leigde bort slått-myrer til bønder nede i lågbygda. Ennå kan ein ráke på gamle høystakar og løer. Slike greier varer lenge i fjellet, om dei er gått ut av bruk. Nå har myrene grodd til med vier og bjørk.

Buskappen vart gjætt, og gjætarane hadde å passe på at slåttmyrene ikkje vart beita før slåttonna var ferdig.

Beste beitemyrene finn ein ofte i fjellskog og i skogbandet. I denne høgda ligg det ei mengd sætrer og fjellgardar. Mange av dei har mest

berre myrbeite. Dette er såleis karakteristisk for skogbygdene i N. Trøndelag, som t.d. Ogndalen, Snåsa, og bygdene i Namdalen. Sætrene ligg til dels langt unna gardane, og før var det berre slep- eller kløvvegar. Det var eit strev å koma dit. Likevel fann bøndene det lønsamt, for beiteviddene var så mykje større til fjells, og praktisk erfaring sa at graset var betre.

Det er i første rekke sammensetningen og veksten av vegetasjonen som avgjer slått- og beiteverd. Vegetasjon som gir godt høy har og tilsvarende høgt beiteverd. Slåttmyrene er derfor også gode beitemyrer. Men omvendt kan ei god beitemyr vera lite skikka til slått, t.d. fjellmyrer med kort gras i vierkratt.

Ut frå kjennskapen til dei enkelte beiteplanter, og kjemiske analyser av desse, kan ein slutte seg til det kvalitative beiteverd av ymse plantesamfunn. Kjenner ein dertil den prosentvise fordelinga av plantesamfunna i ei beitestrekning, har ein og grunnlag for å vurdere strekninga kvalitativt.

Ved hjelp av hausteruter kan ein og få mål for nyttbar avling. Men kor stor del av denne beitedyra gjer seg nytte av, kan ein finne berre ved beitekontroll og forsøk.

Nyttingsgraden er sterkt avhengig av beitemåte og beitestyrke. Svak beiting så blir avlinga därleg nytta.

For skogsbeite til bufe har Bjør og Graffer gjort omfattande forsøk. (1) Dei fann at i middel for 5–6 år for 10 felt var opptatt beitemengde 8,7 f.e. pr. dekar, med variasjonar frå 4,3 f.e. til 18,3 f.e. Det er truleg at for tilsvarende godt myrbeite vil avlinga vera større. Men det veit vi ikkje. Forsøk med myrbeite er ikkje gjort i vårt land, så vidt eg kjenner til det, heller ikkje i Finland og Sverige. Spørsmålet synest kanskje ikkje så viktig som for skogsbeite på fastmark, men det har både teoretisk og praktisk interesse, serleg for reindrifta, og ein skulle tru også i samband med skogreising på myr. Alle kulturinngrep på myr vil som regel vera til skade for reindrifta i området.

Ein del plantearter og plantesamfunn på myr skil seg ut som meir ettertrakta beite enn andre. Av halvgras er det serleg flaskestorr, nordlandsstorr, trådstorr, småstorr og torvmyrrull. Det er alle vanlege arter, som kan herske og gi namn til plantesamfunn, t.d. flaskestorrhym, eller dei er meir eller mindre underordna. Det er og mange gode beiteurter å finne på myrene, og det er gras som sølvbunke, blåtopp og rørkvein. Opne vierkratt er ettertrakta av alle slag beitedyr. Ein del myrplantesamfunn har særverdi som vinterbeite for rein. Om det, meir seinare.

Kjemiske analyser av gode beitestorr viser at næringsinnhaldet er om lag som i beitegras, men ikkje så lett meltbart, og vidare at den meltbare delen minkar med utsett haustetid, som for grasartene. Eg viser her til avhandling av Yngvar Vigerust (2), og tar med middeltala for kjemiske analyser som han har av 12 storprøver og 10 grasprøver frå Sikilsdalen, hausta samtidig.

Tabell 1. Sammenlikning av næringsinnhaldet i storarter og grasperter, og ulik haustetid for storr.

	Planter med 80 % vann		Haustetid for storr omkr. 18/7 – 25/8	
	Storr %	Gras %	%	%
Oske	1,34	1,48	1,38	1,29
Feitt	0,34	0,35	0,36	0,32
Plantetrevler	5,50	6,27	5,53	5,18
Kvelstoffri ekstr. st.	9,19	9,29	8,83	9,76
Protein	3,63	2,66	3,90	3,45
Meltbar eggkvite	0,79	0,79	0,98	0,65
Amider	0,48	0,58	0,54	0,39
Ikkje meltbar eggkvite	2,36	1,29	2,38	2,41

Når det gjeld haustetid fester ein seg særleg ved at innhaldet av meltbar eggkvite og amider minkar med seinare haustetid, frå 39 % av proteinet ved tidlegaste hausting til 30 % ved seinare.

Som det går fram av dei kjemiske analysene så har plantene mest av lettmelteleg næring i spestadiet, og da er dei sikkert også best i smaken. Når dyr får velje i overskot av slikt ferskt beite, vraker dei planter som har börja trenre til, eller dei tar berre dei ferskaste skotta.

Den gamle bruksmåten med gjæting eller inngjerding var sterkt utnytting av marka. Graset vart tatt etter kvart, og det var stadig gjenvekst av nytt. På god mark vart det da hausta stor avling. Men det er ikkje det same som at det støtt var nok til buskapen, som nok ofte var for stor i høve til vidda.

At dyra vraker graset nokså tidleg når det er ferskare gras å söke til, ser ein tydeleg på utslätter som ikkje er slått lenger. Er det krøter i marka, så søker dei til dei gamle slåttmyrene så lenge graset er stutt og ferskt, men vraker fort, og trekker opp til høgreliggande myrer etter som veksten kjem der. Dette har sammenheng med at det er så lite krøter i marka mot det var før.

Eit godt døme på det har eg hatt høve til å følgje i ei bumark av blandingsskog der det også er ein del frodige grasmyrer på skifergrunn. Denne marka var svært sterkt beita av storfe og hest til for 6 år sia. Alt graset vart tatt etter kvart, og ny skog kom ikkje opp. Nå er det berre streifbeiting. Lauvskogen breier seg, og lid til midt i juli så er det knehøgt gras på myrene, som får stå urørt.

Samme bildet ser ein rundt gamle sætrer der krøttalet berre er ein brøk av det det var før. Grunne grasmyrer t.d. som var snaubeita den tida det var fullt belegg på sætrenene, gror nokså fort att med vikjerr og bjørk, og graset veks opp i strå.

Ungfe, serleg kviger, og haustbere kyr som får gå fritt i fjellskogtrakter med gode grasmyrer blir i godt hold, og friske. Eg såg siste sommar ein

slik flokk i skoglandet mellom Storgrønningen og Almåsgrønningen på Høylandet. Det var kring den 20. august. Flokken beita på ei myr med vierkratt og småstorr i kanten, og det var flaskestorr lenger ut ved eit tjern. Dyra var i svært godt hold, og skripne. Dei vart ikkje det minste uroa av at vi kom. At det er vaksne dyr i lag med gjer sikkert mykje til at kvigene blir skripne. Og kviger som blir vant i marka vil søke attende til dei samme beiteplassane seinare.

I Vefsn er det ei grend som har hatt inngjerda ungfehamning sia 1953. Arealet er omkring 1200 dekar med fjellskog, men ikkje snaufjell. Snautt 1/4 av arealet har myrvegetasjon, og som blir godt beita. Vanleg har det vore omkring 50 dyr, haustkalvar, kviger og haustbere kyr. Også haustkalvane har vore i godt hold om hausten. Beitetid frå kring 20. juni til ut september. I alle desse åra har det mest ikkje vore uheld eller tap av dyr.

Denne hamninga er naturlegvis ikkje noko døme på myr som beite, men eg trur at det myr- og myrkjedte arealet her har stort verd både som beite og som trivselland. Dyra trekker stadig ned på myrene, og det er ikkje berre for å beite.

På sigevassmyrer i fjellskog er blåtopp og rome vanleg, ofte det som gir myra farge og dåm. Begge desse plantene er tidlege om våren og er da ettertrakta av alle slag beitedyr.

Godt døme på korleis sauene beiter på blåtopp og rome såg vi i Kapteinsholet på Høylandet den 6. juli.

Kapteinsholet er ein om lag 5 km lang dal som går i vest frå Storgrønningen. Her er ei nedlagt sæter. I seinare år har dalen dels vore brukt til driftshamning for kviger, og så er det sau.

Det er store grasmyrer i dalbotnen. I liene er det glissen, gamal granskog på sur lyngmark i mosaikk med snaue blåtopp-rome-bjønnskjeggmyrer. Utaom myrene er beitet därleg.

Vi kom frå fjellet og gjekk nedover dalen. I skogbandet beitte ein flokk sauar som vi følgde i kikkert, og fann att plassane der dei hadde beita. Vegetasjonen øvst i dalen var dominert av finnorskjegg, med flekker av blåtopp og rome. Og det var desse to sist nemnde som var beita. På begge er det lett å sjå beitemerke mange dagar etter bitet, og vi såg merke all vegen nedover mot stormyra. Sauen hadde beita seg oppover dalen etter som groen kom.

Nå er rome halde for å vera farleg beiteplante, særleg for sau, som får alveld. Og reingjætarane trur at krysslammaing som reinen kan få om våren kjem av at han har ete for mykje av rome.

For N. Trøndelag og Nord-Norge kjenner eg ikkje til nokon slik skade på sau, enda eg har spurt mange. Tvert i mot. Rome er høgt verdsett som tidleg beite, og kanskje serleg på indre strøk. Her veks han meir flekkvis enn i kyststrøk.

Samme karakter som tidleg beite får bjønnskjegg. På Indre Helgeland blir han kalla myrbrodd. Dei sprø spirene av myrbrodd skyt opp straks snøen er borte. Særs tidleg er han på subalpine myrer i solvendte lier.

Det er gjerne myrer som ligg i god livd og med jamt snødekkje frå tidleg haust, så det er lite frost. Snelaget er grovgrynt og porøst og renn fort av i vårsola. Myrbrodden kan stå fin på myra lenge før snøen er borte i skogen attmed.

Sauen beiter på bjønnskjeggmyrene også om sommaren. Det har eg sett ofte. På Engeløya i Steigen såg eg ein voksen ver som var tjora på ei blandingsmyr der det var frodige tuver av bjønnskjegg. Veren leita ut desse tuvene først. Ein varm dag på høgste Gratangseidet råka eg på ein sauflokk som beitte roleg på ei fjellmyr under lifoten. Eg følgde flokken lenge med kikkert og merka meg plassen. Eg trudde det var ei småstorrmyr, men da sauken trekte unna og eg gjekk bortpå så var det berre bjønnskjegg med litt dvergbjørk her og der på tuver.

Nå er det vanskeleg å sjå beitemerke på bjønnskjegg, og eg fann da heller ikkje avbeita planter, men her var eg heilt sikker på plassen, og at sauken beita frittligg det såg eg i kikkert.

I dette strøket er det ikkje mangel på godt grasbeite og fine snøleier. Likevel måtte sauken ut på myra, som etter vanleg verdsetting ville få karakteren mindre godt beite for sau. Det kan ha sammenheng trivnaden. Trivselland har ofte karrig vekst, men er ikkje mindre verd for det.

På Skoggvoll på Andøya har dei sett opp eit langt sperregjerde for å hindre sauken i å trekke ned på myrene, som her er farlege for sau. Det er gjørmehol og stiltflytande djupe bekker med tverrbratte kantar. Sau som døtt ut i kjem ikkje opp att. Myrene er vesentleg av molte-risttypen. Snaue parti har glissen vekst av bjønnskjegg og duskull, og så er det torvull og stolpestorr i gamle torvtak. Sett isolert så er beitet dårleg, men sett i sammenheng med dei frodige grasliene som grensar inn til, så får myra større beiteverd. Sauken trekker ikkje ned frå gode graslier og ut på karrig myr utan grunn. At sauken kunne trekke ned på myra auka derfor også beiteverdet av liene. Arealet her er i minste laget til begleget, men det betyr kanskje like mykje det at sauken finn variert beite, og trivselland. Eit passe islett av myr i eit beiteområde aukar derfor beiteverde sett under eitt, og det for alle slag beitedyr. Geita t.d. har av beste beiteplassane sine langs myrkantar og myrbekker. Her er det friskt beite lenge ut over hausten, og dertil trivselland.

Myrull er godt beite. Serleg dei to artene torvull og duskull. Torvulla har dominansareal på dei suraste torvmarker, men som underordna art finn ein ho på alle slag myrer, også på kalkhaldige. Planten kjem tidleg i vekst, med ein gong snøen er borte. Rotblada som sit samla i tette tuver har mykje opplagsnæring, og er tidleg om våren så lause i rota at heile tuva blir nappa opp. Først når planten har blomstra og ulla er utvikla, festner blada til. Størst beiteverd har torvulla sikkert når blada så vidt er grøne i toppen. Men også nye blad og strå med dusk er ettertrakta på forsommaren. Det såg vi m.a. på Sota sæter i Skjåk den 30. juni. På sjølve sætervangen er det ei våt duskullmyr som da var drivande kvit. Bølingen var så vidt komen opp, og hamna seg i trøene. Det var rikeleg. Vi sat eit stykke opp i lia og følgde kyrne i kikkert. Dei trekte mot myra,

vassa ut til gjørma nădde langt opp på sidene, og åt duskull, heile planten. Det var varmt i veret, men myra var nok kald, for det var ikkje så lang stund dei var uti.

På grunne og faste dusk-ull-bjønnskjeggmyrer derimot kan kyrne beite roleg time etter time. Det hadde eg høve til å følgje godt med i under markarbeid med beitegransking på N. Kvaløy i Troms. Her er det ikkje stort anna som gir beite til kyrne. Likevel greier dei seg godt først på sommaren. Eit kontrollrekneskap frå her for åra 1938 og 1939 viser at seinbere kyr har gitt i middel 7–8 kg mjølk pr. dag i beitetida utan tilskotsfôr, og det har ikkje vore nemnande nedgang etter slepping som var 15–20. juni. Det vart opplyst at kyrne heldt seg i bra hold til slått-onntid, men fra da mjølka dei av skrotten, og var radmagre om hausten. Så det er tydeleg prov på at det er som tidleg beite desse myrene er best.

I dag er det lite aktuelt med utmarksbeite til mjølkekyr. Sjøl til det beste beitet krevst det tilskotsfôr, så høgt som kravet til avdrått nå har vorte. Svakare utmarksbeite dett da heilt ut.

Men ungfe og gjeldkyr greier seg godt, også på beite som ikkje er av det beste. Gode myrer drar opp beiteverdett av tilgrensande svak fastmark, og omvendt, god fastmark gir tilgrensande svake myrer høgre beiteverd.

Myrene som reinbeite

Myrene har særverdi som reinbeite. Alle typer av myr og myrkjendt vegetasjon gir sitt tilskot til det heilårsbeitet som reinen må ha.

Reinen er svært kresen i val av beitevekster. Han beiter selektivt. Litt her og litt der av det som fell best i smaken. Blad og knoppar helst i spestadiet, og underjordsdeler når dei er som mest sprengt av opplagsnærings. Men er det lite å finne så er det mat alt som kan etast.

Dei myrplantene som er omtalt før er og alle gode reinbeiteplanter. I tillegg skal ein nemne spesielt nokre arter som betyr mindre som beite for bufe, men som er svært ettertrakta av reinen. Det er kvan, bukkeblad, myrhatt, duskull, dvergbjørk og lav.

Reinen beiter dei fleste urtene som veks på myr, som t.d. rome, fiol, soleie, jåblom, blåsprett, kvan, myrhatt og bukkeblad. Kvan og jåblom er kjenneplanter på kalkhaldig grunn med elektrolyttrikt vatn. Veks ofte langs myrbekker og på myrer under bakkehald. Kvan er svært ettertrakta, både røter og blad og stilk og blomst. Vi finn den mest som enkelplanter eller i små kolonier. Gjer derfor lite av seg som masse, men betyr dess meir kvalitativt. Det er av det første grøntbeitet om våren, gror straks snøen er vekk. Heile planten er rik på E vitamin. Om våren er reinen i stor ubalanse på det.

Bukkeblad og myrhatt er av dei aller beste reinbeitevekstene. Begge har lange og kraftige underjordsdeler (ritsom). Både blad og røter blir beita.

Myrhatt finn ein mest som enkeltplanter, sjeldan som herskande. Den er svært vanleg både på skogmyrene og fjellmyrene.

Bukkeblad er kanskje den planten ein merker seg best når ein går i myrlende. Både bladform og farge hildrar synet, og underlege rotstokkar som skin i grundt vatn set fantasien i sving. Hos Garborg vart det til dikt, som vi andre gled oss over på vår vandring.

*Til deg du hei og bleike myr
med bukkeblad,
der hegre stig og heilo flyr,
eg gjev mitt kvad.*

Gode vekseplassar er langs vasskantar på laus torv og gjørme, ofte i lag med flaskestorr. Men planten veks og på fastare myr sammen med duskull, myrhatt og stor. Slik vegetasjon har høgt beiteverd, og det var slåttland.

Rotstokkane av bukkeblad er myjke og saftige heile året, og reinen grep dei fram om det er nokså djup snø. Ofte legg snøen seg på tien myr og da må det bli både sterkt og langvarig frost før telen går ned. Myrer som har tilsig av kjeldevatn er særstidlege om våren. Reinen finn dit, og grep som i åker.

I Lødingen har staten i gang forsøk med rein. Forsøksflokkene har vinterbeite i Vestbygda. Her er det svært lite av lav, og det vesle som er av lavmark er nærmest utbeita. Men reinen greier seg godt. Det er mykje blåbærris, og bra stort areal av myr, og myrer som held seg tiene det meste av vinteren. Mange plassar er det rik vekst av bukkeblad og flaskestorr, og myrull betyr nok mykje, både torvvull og duskull.

Torvulla er nemnt før. Den har sikkert større beiteverd for rein enn for bufe, og serleg i flekkbertida.

Duskull er vanleg på alle typer av myr. Ho har sprø rotstokk som er lett å rykke opp, og rotblada er svært sterke mot frost. Dei kan vera grøne heile vinteren.

For å gi eit bilde av kor mykje haustbart reinbeite det kan bera på gode myrer, tar eg med ein vektanalyse frå Kulpa renstasjon i Sverige. Svenska renforskningsen har gjort ein serie av slike hausteanalyser. (5)

Tabell 2. *Haustbar avling på myr.*

Planter	Dekning	Lufttørr masse, kg pr. dekar		
		o. jorda	u. jorda	Sum
Flaskestorr	3	55	35	90
Duskmyrull	1	10	—	10
Bukkeblad	2	10	35	45
Sum		75	70	145

Beiteverd som grønt beite er sett til 3,5 = godt – mykje godt i ein 5 delt skala der 5 = særskilt godt beite. Denne analyseruta har ikkje myrhatt. Der den kjem med aukar beiteverdet og kan bli 4–4,5. Legg ein så attått den vårkapsiteten som desse myrene har i underjordsdeler som er lette å grave fram akkurat i den tida som ofte er svært kritisk, så forstår ein godt at det er verdfull vegetasjon for reinen.

I Sverige er det skogsreindrift som utan tvil er mest lønsam. Sommarbeitet er for ein stor del konsentrert til slike myrer. Ein skulle tru at insektpлага er så fæl at reinen skyr, men det er ikkje tilfelle. Rein som er vant til å beite på skogmyrene, beiter roleg der også i varmaste tida.

Skogsreindrift slik som i Sverige er det ikkje i vårt land, men det kunne vera det. Myrene har vi.

Reinen vår er s.k. fjellrein, og det er vesentleg om vinteren at han kjem ned i låglandet og beiter på myrene, og mest på ris-lyngmyrer som har lav i tuvene. Så snart det berka i høgdene trekker reinen opp att.

Fjellskogmyrer, fjellmyrer og fastmark med myrvegetasjon utgjer ein stor del av reinbeitearealet. Ris-lyngmyrene er av det sikraste vinterbeitet. Og her kjem da dvergbjørka inn i bildet, som livdplante for lavet, men og som direkte beitevekst. Reinen beiter mykje på dvergbjørk. Både knopp og blad. Han kan stå lenge på samme flekken og slite i riset og rispe lauv. Kan vera så opptatt med det at han er lett å koma på nært hold.

Nå er naturlegvis ikkje alle rismyrene reinbeite. Der snøen er djup og ligg lenge er gjerne dvergbjørka lang og tett, kratt som reinen ikkje likar å gå inn i. Lavet greier seg heller ikkje her. Beiteverdet er da minimalt. Det er opne myrer med småvaksen dvergbjørk og lav på tuvet mark som er sikraste beitet. Her blæs snøen av, og lavet som står under skjerm av kjerr er lett å få tak i. Slike myrer er heller ikkje så utsett for flein (islag på bakken)

Tundramyrer i reinbeiteområde er støtt sterkt beita. Dei ligg gjerne som tørre øyer i våte myrer, og i høgre plan slik at snøen blæs av. Her er krekling og lav, beite om vinteren og trivseland om sommaren. Tundramyrer er vanleg både i Finnmark og Troms.

Lengst aust i Karasjok er det store areal av ubeita lavheier, 12–16 cm tjukk lavmatte. I laven er det opptråkka smale reinvegar, som kan vera kilometer lange. Her er ikkje norsk rein om sommaren, men før det vart reingjerde langs riksgrensa kom finsk rein stadig over. Vegane er frå den tida. Dei minner om skiløype i laussnø. Gir ein seg til å følgje ein slik veg så kjem ein snart fram på enten ei skogsnaus og avblåst høgde, eller ei tundramyr. Og det er beiteplassane. Her kan lavet vera heilt nedbeita, om det står urørt elles. Norsk rein som er her om vinteren går dei samme vegane og til dei samme plassane.

Kor stor del av fjellbeitearealet er myr

Det har vi berre skjønnsmessige tal for. Yngvar Vigerust (2) meiner at myrviddene innover snaufjellet dekker relativt større areal enn under skoggrensa. Det er meir nedbør i fjellet, og det i samband med lågare temperatur gjer at vilkåra for forsuming og myrdanning er langt større.

Løddesøl (3) meiner at ein har lett for å sette myrprosenten for høgt i fjellet, serleg av den grunn at våte fastmarksparti lett blir tatt for myr. Han anslår at når ein held seg til den geologiske definisjonen av myr, så er myrprosenten ovafor skoggrensa omlag halvparten av myrprosenten nedafor skoggrensa, 6,—% mot 12,44 %. Og at arealet av myr i snaufjellet da er omkring 9 mill. dekar.

Ser ein på myr som landskapstype, karakterisert ved den vegetasjonen som rår der, og det er vel det Vigerust har gjort, så er det nok truleg at for det nyttbare arealet er prosenttalet for myr større i fjellet enn under skoggrensa. Beitegranskingene som Selskapet for Norges Vel har gjort tyder på det.

Beitegranskingene nyttar ordet myr om landskapstype og som sosio-logisk klassifikasjonsnemning, som t.d. skogmyr – rismyr. Det er vegetasjonen og lendet som avgjer beiteverdet, ikkje tjukna på torvlaget.

Grunnlaget for å kunne vurdere eit beiteområde er i første rekke kjennskap til vegetasjonen, arter, plantesamfunn og fordeling på arealet. Representativ taksering er da eit godt hjelpemiddel, linetaksering eller rutetaksering. Rutetaksering ved hjelp av flyfoto har beitegranskingene nyitta på Finnmarksvidda, elles er det nyitta linetaksering. Representativ linetaksering vil her seie at kortare eller lengre liner blir lagt slik at dei gir eit best muleg bilde av vegetasjonen i området. Langs lina måler ein plantesamfunn etter plantesamfunn, summerer og finn prosent fordeling på lina. Dersom lina er representativ vil fordelinga på arealet vera til nærliggende omlag som på lina.

Fjellbeitegranskingene omfattar både fjellskogbeltet og snaufjellet (lågfjell og mellomfjell). Frå desse to vekstbelta har vi nå eit stort materiale av takseringsliner og takseringsruter.

Dei aller fleste linene er lagt etter subjektivt skjøn, og linene er derfor ikkje representative for større areal enn dei verkeleg dekker. Stilt sammen for større område trur eg nok likevel at dei gir eit nokså godt bilde av korleis vegetasjonen fordeler seg på dei ymse plantesamfunn.

I tabellane 3–6 har eg stilt sammen takseringslinene og takseringsruter for større område i Finnmark, Troms, Nordland og N. Trøndelag.

For N. Trøndelag er linene lagt parallelt med avstand dels 5 km og dels 2,5 km. Det gjeld eit samla område på ca. 1300 km². Dette er derfor det sikraste materialet av linetaksert. På Finnmarksvidda er rutene lagt regelrett med 13 km avstand. Kvar rute dekker ca. 11 km². Grensene mellom ymse plantesamfunn er prikka inn på flybildet. Dette materialet skulle derfor også vera bra sikkert.

Dei linene som er lagt etter reint skjøn varierar mykje i lengde, frå 900 m og opp til 13 000 m, alt etter breidda på vekstbeitet. Men vidde pr. km line er nokså likt.

Tabell 3. Sammenstilling av takseringsliner og takseringsruter for Finnmark.

Område:	liner	% myr	
Kvaløy	11	6,0	
Seland	29	4,0	
Porsangerhalvøya	74	7,8	
Olderfjord-Stabburisdal	6	14,2	Middel for sommarbeiteland
Refsbotn-Raftsbotn	35	8,0	8,3 % myr.
Sværholthalvøya	27	12,9	
Ytre Cargas	25	10,4	
Indre Cargas-Digermulen	20	3,5	
Ifjordfjellet	7	10,1	
Varangerhalvøya	44	11,2	
<i>Finnmarksvidda:</i>			
Vestvidia	17	12,6	
Austvidia	23	18,3	Haust-og vinterbeite middel 15,3 % myr
Kautokeinoelva-Troms grense	27	15,0	
Tverrsnitt av Vidda	17	16,6	
Samme rutene linetaksert		16,7	

Merknad: For dei enkelte ruter så var det til dels stor avvik mellom linetaksering og flyfototolking, men middeltallet for alle rutene er likt. Forklaringa på dette må vera at så einsarta som lende og vegetasjon er ikke på Vidda, vil avvik innafor dei enkelte rutene jamne seg ut, alle rutene sammenlagt. Det er ei linelengde på omlag 55 km.

Tabell 4. Troms. Sammenstilling av takseringsliner.

Område:	% myr av nyttbar vidde	
Ringvassøy	5,6	
Kvaløy	19,4	
Storfjord — Skibotn	6,6	Middeltal
Tamokdalen	8,9	7,7 %
Åmasvarri	6,7	
Slettfjellet	13,2	
Mauken	3,0	
Aursfjord — Josefvatn	30,0	
Malangseidet	30,0	
Altevatnet	10,0	
Istindan — Alappen	7,5	Middeltal
Bardu (nord for elva)	8,4	
Salangen	6,1	8,4 %
Lavangen	10,2	
Gratangen	8,0	
Senja	4,9	Dei store myrareala på Senja ligg under plante- grensa for gran.

Tabell 5. *Nordland. Sammenstilling av takseringsliner.*

Område:	Nyttbar vidde	
	km ²	% myr
<i>Majavatn- Okstindan:</i>		
Gåsvatnet	30	9,3
Røyrskardet	80	10,1
Granebjell	55	18,8
Austervefsн	125	18,5
Haustreis — Jamtfjell	105	14,0
Børgefjell	110	7,0
Rotfjellet	170	7,6
Unkervatnet — Krutvatnet	240	3,1
Krutvatnet — Famnvatnet	145	22,0
Famnvatnet — Røssvatnet	77	16,0
Røssvatnet — Græsvatnet	125	17,0
Røssåga — Herringelva	149	21,0
Klubben — Bleikvatnet	68	6,3
Sum middel	1489	12,9
<i>Okstindan- Dunderlandsdalen:</i>		
Målvatnet — Kjensvatnet	130	13,5
Rostadfjellet	37	4,6
Græsfjellet	63	4,5
Akersvatnet — Kalvatnet	300	11,1
Kalvatnet — Dunderlandsdalen	585	9,7
Sum middel	1115	10,0

Tabell 6. *Nord-Trøndelag.*

<i>Helgå — Snåsavatnet — Jørstaddalen :</i>		
Roktdalen		22,5
Hegsjøfjellet		12,3
Skjækra — riksgrensa		25,1
Nyttbar vidde i alt omlag	1320	20,0

Følgje av kulturinngrep på myr

Alle kulturinngrep på myr vil forandre den naturlege vegetasjonen. Beiteverdett kan auke, som ved fulldyrking, men det kan også minke, eller gå tapt, som ved vassdragsregulering, koncentrerert hyttebygging o.l. Eg vil nemne døme:

Vassdragsregulering kan føre til heil forandring av landskapet, og til at store areal blir øydelagt som beiteland. Slike voldsomme inngrep har vi fått m.a. ved Namsvatna, Røssvatnet, Akersvatnet og Kalvatnet i Rana, og Altevatnet i Troms. Og nye område står for tur.

Sett i høve til total vidde så synest tapet kanskje ikke mykje. Det

er berre det at som regel er det areal som har særverdi både som beite- og trivselland.

Ved Røssvatnet vart beste vårlendet demt ned, og inntaksdammen for nedre kraftstasjonen tok omlag 5 km² av det sikraste og beste vinterbeiteet. Stormyra heitte det her før. Når da vinter- og vårbeite var minimumsfaktoren før, er det greitt at det var til stor skade for reindrifta, og dertil ulemper.

I Rana er det demt ned 55 km². Av dette er omlag 35 km² myr, vesentleg molte-rismyr med lav, men og store storrmyrer, og fine elv- og bekkeosser. I høve til totalvidda er det berre ein liten brøk, men det er ca. 30 % av det berekna myrarealet, og det er dei vintersikraste myrene. Heile området som nå er sett under vatn hadde særverdi som vinter- og tidleg vårbeite, det sikraste som var i Rana. Det var nøkkelbeitet for rein-drifta her.

Sommarbeite er det meir enn rikeleg av, men kva nytte er det i det når vinterlandet er tapt. Samme forholdet er det ved Altevatnet, og dels ved Namsvatna.

På Helgeland er det gode vinterbeite i kystbygdene og på øyene. Vinterflytting hit har gamal tradisjon. Men ressursene her er ikkje så store. Det er først og fremst myrene som er beitelandet. Oppdyrkning og inn-gjerdning har og minka på arealet for rein. Største samla myrarealet på Dønna, som og er av det beste reinbeitelandet, vart i si tid kjøpt av landbruksselskapet til bureisingsfelt. Heldigvis, kan ein vel seie, så er det berre ein bureisar som har greidd seg her. Det er for svake dyrkingsmyrer, men fint reinbeite. Nå får vel kanskje reinen ha det.

På Sundøya derimot må ein rekne med at myrene er tapt for reinen. Det er omkring 5000 dekar, som Ny Jord har kjøpt og kanalisert for bureising. Myrene på Sundøya er sikkert vinterbeite, og var sterkt nytta før da det var ordna flytting.

Det er nokså typisk for vår innstilling til utmarksspørsmål, at da salg og kjøp av desse bureisingsfelta vart ordna var det ingen som tenkte på at reindrifta hadde hevda rett til beite.

Konsentrert hyttebygging kan og minke beiteverdet av myrene i området, både for bufe og rein. Serleg der det er kupert lende med småmyrer i søkk og bekkedrag. Det er ikkje tapet av beiteland som her betyr så mykke, men den nye bruken av området kan jage beitedyra bort.

Eg har fleire gonger nytta ordet beite- og trivselland. I strevet vårt etter betre utkomme, for den enkelte og for samfunnet så er det nødvendig å gjera innhogg i urørt natur. Kunne vi evne meir å sjå det store i det som ofte synest smått, før vi kanskje litt meir varsamt fram.

Litteraturliste

1. *H. Graffer og K. Bjor*: Forsøk med skogsbeite til storfe.
2. *Yngvar Vigerust*: Starrvekstene (*Carex*) og deres betydning i fjellbeiteene.
3. *Aas ulv Løddesøl*: Myrene i næringslivets tjeneste.
4. *R. Nordhagen*: Sikilsdalen og Norges Fjellbeiter.
5. *Folke Skuncke*: Renbeten och deras gradering.
6. *Norske fjellbeite*: Bind XIII og XV.